



Betania Knarvik
Postboks 86
5902 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1447 - 16/18332

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.07.2016

Løyve til permanent etablering av brakker - gbnr 185/264 Isdal.

Administrativt vedtak. Saknr: 321/16

Tiltakshavar: Betania Knarvik
Ansvarleg søkjar: Betania Knarvik
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om løyve til permanent etablering av brakker på gbnr 185/264. Brakkene skal nyttast til lager for aktivitet knytt til Betania Knarvik sitt menighetshus på nabotomta gbnr 185/264.

Bygget går over ein etasje og har bygd areal oppgitt til 37,5 m².

Det vart i 1990 gitt mellombels løyve til plassering av brakker på eigedommen som skulle nyttast til kontor. Løyvet har blitt forlenga i 1992, 1998, 2003, 2008 og 2016. Siste vedtak gjaldt forlenga løyve fram til 07.04.2016.

Det vert vist til søknad mottatt 26.04.2016, supplert 20.06.2016.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til søkjar ved brev av 26.05.2016. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 20.06.2016.

Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1). Fristen er 11.07.2016.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Lonelva – Juvikvarden (planID 1263-200904) er avsett til område for eksisterande forsamlingshus, T10.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Tillatt grad av utnytting er etter gjeldande plan 60 % BRA.
Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med gjeldande plan.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla.

Kommunen vurderer at tiltaket fell inn unntaksbestemmelsen for nabovarsling då tiltaket gjeld eksisterande bygg som har stått på staden i lang tid og naboane si interesse i lita grad vert råka.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 20.06.2016.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Vatn og avløp (VA)

Ikkje relevant. Bygget har ikkje innlagt vatn.

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Ikkje relevant. Bygget skal nyttast til lager for bygget til Betania Knarvik som ligg på gbnr 185/165.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn tilfredsstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Privatrettslege tilhøve

Tiltaket er ikkje avhengig av privatrettslege avtalar.

Ansvar

Då tiltaket er eit mindre tiltak som fell inn under bestemmelsane for tiltak som tiltakshavar sjølv kan utføra dersom eigedomen hadde vore bebygd, vurderer kommunen at det kan gjevast unntak frå kravet om ansvarsrett, jf plan- og bygningslova § 23-1.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for permanent etablering av brakker på gbnr 185/264 slik det er søkt om og på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 20.06.2016, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Brakkene skal nyttast til lager.**
- 3. Det vert gitt unntak frå kravet om ansvarsrett, jf pbl § 23-1.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/1447

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Betania Knarvik

Postboks 86

5902

ISDALSTØ